



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Mottakere ifølge liste

| Dato | Vår ref. | Dykkar ref. |
|------------|------------|-------------|
| 30.04.2019 | 19/163 - 3 | |

Vedtak i kommunestyret - Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Kommunestyret gjorde 11. april vedtak i denne saka. Sjølve vedtaksteksten er som følger:

«Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.»

Sjå vedlagt saksdokument.

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med venleg helsing

Ketil Tjore, møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------|----------------------|------|-------------|
| Fedje kommune | Stormarkvegen 49 | 5947 | FEDJE |
| Lindås kommune | Kvernhusmyrane 41 | 5914 | ISDALSTØ |
| Masfjorden kommune | Austefjordvegen 2724 | 5981 | MASFJORDNES |
| Meland kommune | Postboks 79 | 5906 | FREKHAUG |
| Modalen kommune | Mo 3 | 5732 | Modalend |
| Nordhordland | Kvassnesvegen 23 | 5914 | Isdalstø |
| Utviklingsselskap IKS | | | |
| Radøy kommune | Radøyvegen 1690 | 5936 | MANGER |

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------------|---------------|------|--------|
| Statens vegvesen region | Postboks 3635 | 5845 | BERGEN |
| Vest Bergen Kontorsted | Fyllingsdalen | | |
| Statens vegvesen region | Postboks 3635 | 5845 | BERGEN |
| Vest Bergen Kontorsted | Fyllingsdalen | | |

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 022/19 | Formannskapet | PS | 21.03.2019 |
| 016/19 | Kommunestyret | PS | 11.04.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Olav Mongstad | FE-110 | 19/163 |

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Vedlegg

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta dei framlagte takstane frå fylkestinget. Det absolutte fritaket for bompengar for nullsleppsbilar, var heile tida meint å ikkje vare evig.

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Formannskapet - 022/19 - 21.03.2019

FS - behandling:

I saksframlegget er konklusjonen lagt inn som vedtakstekst, med ordlyden "Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta dei framlagte takstane frå fylkestinget. Det absolutte fritaket for bompengar for nullsleppsbilar, var heile tida meint å ikkje vare evig."

Det som er rett tekst for framlegg til vedtak, og som også kjem fram av saksutgreinga, er:

"Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken.

Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2."

Handsaming:

Samrøystes vedtak for korrigert vedtaksframlegg.

FS - vedtak:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Kommunestyret - 016/19 - 11.04.2019**KS - behandling:**

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det egentleg finnest noko som kan kallast nullutsleppskøyretøy? Øksnes viste til at elbilar rett nok ikkje har utslepp av eksos, men for samla forureining såg han ingen forskjell mellom elbilar og fossilbilar som kjører på vegane mellom Knarvik og Austrheim. Også elbilar må ha nye delar, og dei slit på vegane som andre bilar. Per Lerøy (Ap) sa at han kunne vera samd med argumenta frå Øksnes, men at det no er omgrepet nullutsleppskøyretøy som vert nytta. For Nordhordlandspakken kjem elles bomstasjonane opp i desember. Politisk handsaming i kommunestyret: Fleirtal for formannskapetets framlegg til vedtak, mot ei røyst, Viggo Leirvåg (H).

KS - vedtak:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Saksopplysninger:**Bakgrunn**

Stortinget vedtok under handsaming av Prop. 87 S (2017-2018), at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy vert avvikla. Etter dette kan eksisterande prosjekt innføre bompengavgift for nullutslippskøyretøya som ligg mellom 0 og 50 pst. av den ordinære taksten, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette.

Det regionale bompengeselskapet Ferde AS har bede om at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i dei prosjekta og pakkane i regionen der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføre ein slik avgift.

Statens vegvesen, Region vest har sendt sak om bortfall av bompengefritaket til politisk

handsaming i alle kommunar i regionen.

Som grunnlag for saka har Fylkesutvalet i Hordaland 25. oktober 2018 handsama sak 254/18 om bompenggeavgift for nullutsleppskøyretøy, og fatta følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.*
2. *For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.*

Vurdering

Det har lenge vore eit sentralt politisk prinsipp frå Stortinget at nullutsleppsbilar ikkje skulle betale bompengar. I ein periode har avgifter vore ein måte å auke talet på el-bilar på. Dette har vore eit godt og målretta tiltak som har ført til mindre CO₂-utslepp frå bilkøyning. Når Stortinget har opna opp for å innføre bompengar for nullutsleppskøyretøy, skuldast det at talet på el-bilar har nådd eit nivå ein politisk er godt nøgd med. Den bompenggeavgifta ein gjev høve til å innføre, er 50% av den rabatterte taksten for bensin- og dieslbilar.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Dette er endringane for Nordhordlandspakken

| | Takstgruppe 1 | Takstgruppe 2 |
|---------------|---------------|---------------|
| Bompengetakst | Kr 19,- | Kr 31,- |
| Nullutslepp | Kr 7,60 | |

Definisjonar:

Takstgruppe 1:

Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2:

Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Konvensjonelle køyretøy:

Konvensjonelle køyretøy i takstgruppe 1 som passerer med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt.

Nullutsleppskøyretøy:

Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet eller HY-registreringsskilt. Redusert takst for nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke.

Statens vegvesen tilrår kommunane å fatte følgjande likelydande vedtak, i tråd med Prop. 87 S (2017-2018), og vedtaket frå Hordaland fylkeskommune av 25.10.2018:

Det vert innført bompenggeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta dei framlagte takstane frå fylkestinget. Det absolutte fritaket for bompengar for nullsleppsbilar, var heile tida meint å ikkje vare evig.